



Hordastemna i feltskyting 2014

Jondal skytterlag har i år gleda av å innby til Hordastemna i feltskyting **søndag 06.april 2014**. Det vert frammøte og påmelding i skyttarhuset på Solesnes. Her vert også stang og felthurtig samt finalar avvikla.

Finfelten skal skytast på Byrkjeland, ca 4 km mot Krossdalen frå Jondal sentrum. Grovfelten går på Espeland om lag en kilometer lenger oppe. Det vert sett opp **busstransport** både til finfelt og grovfelt.

På finfelten vert det 10 figurar og 2 standplassar og på grovfelten skal det skytast frå 3 standplassar med 15 figurar på kvart hald.

Program:

5 x 6 skot mot ukjent avstand på grovfelten og 5 x 6 skot avstand 100 m for finfelt. Finalar skal avviklast på elektronikk frå standplass på skytebanen for både grov og finfelt. Stangskytinga skal også skytast på elektronikk.

Lagskyting:

kr. 150.- pr. lag. Skyttarlaga har høve til å melda på 2 lag kvar, og laga skal vera påmeldt **før** nokon på laget har skote.

Grovfelt: 3 skyttarar frå kl. 2-5-V55.

Finfelt R/J: 1 Jr og 2 R/ER

Finfelt Veteran: kl V65 eller V73, 2 skyttarar pr lag.

Medaljer:

Medaljer i samsvar skyteboka og etter Hordakretsen sine retningslinjer.

Påmelding:

Påmelding via www.dfs.no innan **20.03.14**.

Lagoppsett vert sendt ut 23.mars 2014.

	Kl 1-5, V55 og AG3:	Kl V65 og V73:	Kl R, ER og JR:
Premiering	Kr 120,-	Kr 120,-	Kr 80,-
Arr.avgift	Kr 120,-	Kr 120,-	Kr 80,-
Busstransport	Kr 30,-	Kr 30,-	Kr 20,-
Totalt innskot	Kr 270,-	Kr 270,-	Kr 180,-
Førehandspåmelding	Kr 120,-	Kr 120,-	Kr 80,-

Sponsarar:





Stang/Felthurtig:

Innskot kr 50,- uansett klasse (25,- i arr. avg og 25,- i premie). Alle kan delta. Dei som får skytetider etter kl 12.00 **MÅ** skyta stang og felthurtig før dei reiser ut på grovfelt/finfelt.

All skyting på stang og felthurtig **skal vera avslutta seinast kl 15.00.**

Me håpar at alle lag som deltek på stemna kan bidra med ein gåvepremie.

Påmeldingsavgift og evt. gåvepremie skal betalast til konto 3450 07 02232, Jondal skyttarlag, v/Liv Sollesnes, 5627 Jondal innan **21.03.14**. Fyll ut og returner vedlagt skjema for førehandsbetaling og gåvepremiar.

Arrangørlaget og Strandebarm skyttarlag skyt laurdag 5.april med unntak av kl 5 og dei antatt beste feltskyttarane samt alle som skyt med cal 0.22 på finfelten. Desse skyt søndag 6.april.

Arnt Orholm vert med som speaker på stemna. Det er som vanleg kafê og resultatservice i skyttarhuset.

Vel møtt!

Jondal skyttarlag

Sponsarar:

